



Advokat Olav Felland
Hotellvn.5
3880 Dalen

Trondheim, 27.01.2020

Dykkar ref.:
[Deres ref.]

Vår ref. (oppgjø ved svar):
2016/11306

Saksbehandlar:
Hege Langeland

Avgjerd i klagesak om bu i Gausdalen i Brattefjell Vindeggen landskapsvernområde

Verneområdestyret sitt vedtak 27.06.2019 om riving og oppføring av sankebu vert oppheva. Miljødirektoratet gir løyve til ombygging av eksisterande bygning på staden med eit mindre tilbygg med heimel i verneforskrifta for Brattefjell - Vindeggen landskapsvernområde kap. IV pkt. 3.2. Verneområdestyret sitt vedtak 27.06.2019 om uthus vert stadfesta med nokre endringar med heimel i naturmangfaldlova § 48. Miljødirektoratet har lagt vekt på at verneforskrifta har heimel for å gi løyve til ombygging av eksisterande bygningar og at tiltakshavar vil ha nytte av bygningen i samband med sanking av sau.

Miljødirektoratet viser til klage 03.08.2019 frå Hilde Reisjå og Jan Roar Teigen på Verneområdestyret for Brattefjell Vindeggen landskapsvernområde sitt vedtak 27.06.2019. Klagesaka ble oversendt til direktoratet frå verneområdestyret i e-post 22.10.2019.

Bakgrunnen for saka

Tiltakshavar har søkt om sankebu fleire gonger tidlegare. Søknadane har vore handsama av verneområdestyret, samt Klima- og miljødepartementet og Miljødirektoratet etter klage. Klima- og miljødepartementet har i vedtak 28. mai 2014 avslått søknad om sankebu. Miljødirektoratet har i vedtak 21.09.2015 og 11.09.2017 kome til same resultat. I vedtaka er det lagt til grunn at det ikkje er godtgjort eit tilstrekkeleg landbruksmessig behov for etablering av ei sankebu til å kunne få løyve etter verneforskrifta for Brattefjell - Vindeggen landskapsvernområde kap. IV pkt. 3.1 om tiltak i samband med jord- og skogbruk.

Tiltakshavar stemna 26.04.2019 Staten v/Klima- og miljødepartementet med påstand om ugyldig forvaltningsvedtak inn for domstolane. Partane har blitt samde om at saka kan verte tatt opp på ny for at saka skal vere fullstendig prøvd i forvaltninga før ei eventuell handsaming i domstolane. Dette gjeld fyrst og fremst spørsmålet om det kan gis løyve til å bygge om eller rehabiliterare eksisterande ystebu med heimel verneforskrifta kap. IV 3.2.

Advokat Olav Felland har i brev 29.05.19 på vegne av tiltakshavar søkt om løyve til å rive ystebu på Myklestul i Gausdalen og erstatte denne med ei sankebu.

Verneområdestyret ga i møte 27.06.2019 Aase og Roar M Fjeld løyve til å rive ystebua og byggje ny sankebu på inntil BYA 34 m² etter verneforskrift kap. IV pkt. 3.2. I tillegg blei det gitt løyve til å byggje eit uthus på maksimalt BYA 4,8 m². Uthuset skal brukast til do, strømaggregat og andre

uthusfunksjonar. Utforming av bygget og aggregatbua skal følgje forvaltningsplanens retningslinjer for estetikk og materialbruk. Den delen av uthuset som brukast til strømaggregat, skal byggjast med svært god støydemping. Eksakt plassering av sankebu og uthus på Myklestul skal skje i samråd med verneområdeforvaltaren. Hilde Reisjå og Jan Roar Teigen har påklaga vedtaket i brev 03.08.2019.

Klagars merknader

Hilde Reisjå og Jan Roar Teigen har i klagen 03.08.2019 vist til at det ikkje er nye moment samanlikna med søknaden i 2016 og at dette tilseier at det ikkje bør verte gitt byggeløyve.

Når det gjeld spørsmålet om rettsleg klageinteresse er det vist til at dei er nærmaste naboar og har sameige i Gausdalen sameige som grenser inntil Myklestul sameige, felles fiske i vatna i Gausdalen saman med Fjeld og Kleppen, Reisjå har sau på utmarksbeite i Gausdalen og kona til Jan Roar Teigen driv med gardsturisme og utleige. Det er mange turistar som brukar Gausdalen både til fiske og turar. Klagarane meiner Fjeld ikkje oppfyller krava til å kunne få sankebu pga. den relativt korte avstanden frå der dei bur og at det er veg heilt fram til sankeområdet. Dei syner og til at vegen inn til Myklestulen no er opprusta og betre å køyre på. Dei visar vidare til at nybygga på stølsvollen vil ligge opent utan mykje vegetasjon og difor vil endre landskapet og øydelegge inntrykket av den gamle stølsvollen. Turvegen inn i området går rett utanfor ystebua. Klagarane peikar også på at villreinen i området er under press og at reinsdyrbukkar beiter i Gausdalen på sommaren og utover hausten. Den gamle ystebua har etter klagarane si vurdering kulturminneverdi. Det er også vist til at det er mange som driv med sauehold i landskapsverneområdet og som har lengre køyreveg og gangavstand enn Fjeld. Klagarane er vidare redd for kva presedensverknad eit slikt løyve kan gje. Miljødirektoratet viser elles til det som er teke opp i klagen.

Andre innkomne merknader

Advokat Olav Felland har på vegne av Fjeld kome med merknadar i brev 28.07.2019 og 24.09.2019.

Det vert hevda at Reisjå og Teigen ikkje har rettsleg klageinteresse og at Miljødirektoratet i dette spørsmålet tek feil når det gjeld fakta og juss. Vidare vert det peika på at det er feil å samanlikne klagar med organisasjonar, da lovgivar og domstolane her har trekt opp eit juridisk skilje. I brevet er det vist til ulike tvistar og semje mellom partane opp gjennom åra. Det er vidare vist til juridisk teori kor det går fram at det er tilstrekkeleg for klageinteresse at *"tilknytningen er av en slik art og styrke at det er rimelig å gi ham et rettskrav på å få vedtaket overprøvd."* Og at *"det er tilstrekkelig at saken har klare faktiske virkninger for vedkommende"*. Sivilombudsmannens uttalelse i sak 2007/1345 meiner Felland ikkje tilfører saka noko anna ettersom denne saka ville få praktiske og faktiske konsekvensar for grannevaldet.

Det vert vidare hevda at driftsbua ikkje har nokon faktisk verknad for klagarane. At det er 400 m avstand frå eigedommen og fram til bua, kan ikkje innebere at den har nokon faktisk verknad - i ein avstand på 60-70 m er det vanskeleg å skilje bygningar eller detaljar frå kvarandre. Felland meiner soleis at dei ikkje kan vere meir påverka enn andre av tiltaket. Ny bu vil heller ikkje ha nokon innverknad på landskapet, eller gardsturisme eller fiske i vatnet.

Det er vidare peika på den verdien ei driftsbu vil ha for Fjeld som har 300 - 500 sauer på beite i området. Miljødirektoratet viser vidare til breva.

Advokat Olav Felland og Fjeld har i telefonmøte 9.1.2020 med Miljødirektoratet utdjupa behovet for bygningen og gjort greie for drifta med sau. Det er også sendt inn bilete av ystebua. I møtet har tiltakshavar peika på at det kan vere mogleg å bygge om ystebua med eit tilbygg. Det er opplyst at tilstanden til bua er dårleg og det vil vere enklare å bygge nytt. Alternativet til eit nytt bygg kan soleis vere å nytte ystebua med et tilbygg. Det er lav takhøgde på ystebua og det er difor ønskjeleg

med eit høgare tak for å få betre luftsirkulasjon. Det er rester frå eit eldre uthus ca. 4 m frå ystebua, som evt. kan vere egna plassering for uthuset.

Verneområdestyret sine vurderingar

Verneområdestyret har gjort desse vurderingane i samband med vedtaket:

- Bua skal nyttast i samband med tilsyn og sanking av sau som søkjarane har i området. Garden, og søkjaranes bustad, ligg i Sauland omlag 35 km unna, og ei sankebu på staden vil lette dette arbeidet betydeleg. Vegen er til dels svingete og smal, og det tar om lag ein time å køyre.
- Myklestul ligg i kanten av det ein har definert som villreinens leveområde i Brattefjell-Vindeggen. Det er eit kjent villreintrekk eit stykke sør for stulen. Trekket går aust-vest i Runhellhovet, og går ut av villreinens leveområde. Areal austover er relativt utbygd, og det er mykje menneskeleg aktivitet. Det har medført at reinen truleg ikkje lenger brukar områda. Dyr som observerast, må reknast som streifdyr. Reinen kan ta opp gamle trekkruiter, og ved ytterlegare nedbygging reduserast denne moglegheita. Villreinnemnda har tidlegare uttalt at den ikkje har kommentarar til sankebu. Sankebu førar til ingen eller lite forstyrrelse for villreinen i Brattefjell-Vindeggen villreinområde.
- Det er ikkje registrert flora, fauna eller naturtypar som kan bli påverka av tiltaket.
- Det er ingen kjende kulturminne på staden. Fylkeskommunen som kulturminnestyresmakt har ikkje innvendingar til riving eller ombygging av ystebua.

Lovgrunnlaget

Formålet med Brattefjell - Vindeggen landskapsvernområdet er å ta vare på eit vakkert og eigenarta naturlandskap, med urørt høg fjell og fjellskogsområde, det biologiske mangfaldet i området, med villreinstamme og rikt plante- og dyreliv og verdifulle kulturlandskap og kulturminne, jf. forskrift 2000-12-15-1492 om vern av Brattefjell-Vindeggen som landskapsvernområde kap. III.

Det følgjer av verneforskrifta kap. IV pkt. 1.1 at det er eit forbod mot oppføring av nye bygningar. Etter kap. IV pkt. 3.1 kan forvaltningsstyresmakta gi løyve til tiltak i samband med jord- og skogbruk, så som oppføring av bygningar, når det ikkje strir mot verneformålet. Etter forskrifta kap. IV pkt. 3.2 kan det gis løyve til mindre tilbygg eller ombygging av eksisterande bygningar i området.

Etter naturmangfaldlova § 48 kan det gjerast unntak frå forskrifta dersom det ikkje strir mot vernevedtakets formål og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig. Søknad om dispensasjon etter første ledd skal innehalde nødvendig dokumentasjon om tiltakets verknad på verneverdiane og vise verknaden som dispensasjonen kan få for verneverdiane, og kva vekt det er lagt på dette.

I handsaminga av saka skal naturmangfaldlova sine miljørettslege prinsipp i §§ 8 - 12 verte lagt til grunn som retningsliner i saka, jf. naturmangfaldlova § 7.

Miljødirektoratet si vurdering

Miljødirektoratet sin vurdering av rettsleg klageinteresse

Miljødirektoratet har i tidlegare sakar lagt til grunn at Jan Roar Teigen og Hilde Reisjå som eigarar av naboeigedommen har rettsleg klageinteresse i saka om det skal byggjast sankebu på Fjeld sin eigedom, mellom anna i vedtaket 27.02.2017 kor dette er vurdert slik:

"Utgangspunktet er at en klager har rettslig klageinteresse dersom vedkommende har en viss aktuell tilknytning til saken og saksutfallet, og at denne tilknytningen er av en slik art og styrke at det er rimelig å gi klagerett (jf. bla. Justisdepartementets lovavdelings uttalelse 18.10.2006). Det er for snevert bare å legge vekt på de formelle rettslige virkningene. Også virkninger av faktisk karakter kan det etter omstendighetene være riktig å vurdere (jf. uttalelsen fra Sivilombudsmannen i sak 2007/1345). Miljødirektoratet er enig med Verneområdestyret i at saken enten må ha faktisk, juridisk eller økonomisk betydning for klagerne. Avgjørelsen treffes konkret ut fra virkningene i den enkelte sak.

Søknad om sankebu har vært behandlet tidligere. I disse sakene ble det lagt til grunn at Hilde Reisjå og Jan Roar Teigen hadde rettslig klageinteresse. Det må imidlertid vurderes konkret om det foreligger rettslig klageinteresse også i denne saken.

Sankebua er nå tillatt plassert lengre unna nabogrensen enn tidligere vedtak om sankebu. Det er i dette siste vedtaket ca. 400 m avstand mellom sankebua og nabogrensen. Naturlig adkomst mellom eiendommene er på en sti som til dels går gjennom en skog. Det er ut fra de stedlige forholdene vanskelig å se at sankebua vil være til sjenanse eller faktisk påvirke klagerens bruk av egen eiendom. Dette er et moment som taler mot å anse klagerne for å ha rettslig klageinteresse. Reisjå og Teigens bruk av områdene i Gausdalen er knyttet til bl.a. fiske i Myklestulvannet hvor de har en fiskerett og at de har sau på utmarksbeite i områder i Gausdalen. Miljødirektoratet er ikke kjent med at klagerne har en formell beiterett på tiltakshavers eiendom. Teigen har videre vist til at han driver med gårdsturisme i Gausdalen og at han derfor har interesse i at landskapsverdiene i Gausdalen ivaretas.

Riving av ystebua og oppføring av ei ny sankebu vil i liten grad påvirke Reisjå og Teigens drift med sauehold og også ha begrenset betydning for Teigens gårdsturisme. Likevel må det legges til grunn at å rive ystebua og oppføre ei ny sankebu, vil føre til at dette området/arealet endrer noe av sin karakter. Ystebua er en eldre bygning som ikke er i bruk. Med oppføring av ei ny sankebu vil sankebua og det nærmeste tunet bli privatisert og det vil ikke være anledning til å ferdes fritt der det vil være til utilbørlig fortrenghet for eier (jf. friluftslovens § 1a). Miljødirektoratet er enig i at ei ny sankebu som omsøkt i tillegg vil kunne gi et annet inntrykk i landskapet enn eksisterende ystebu. Selv om denne endringen vil gjøre seg gjeldende for alle som bruker området, må det legges til grunn at tilgrensende eiendom er mer berørt enn andre, tatt i betraktning deres nærhet til området.

Interesseorganisasjoner anses for å ha rettslig klageinteresse i saker som organisasjonen har interesser i. Naturvernorganisasjoner vil således ha klagerett på Verneområdestyrets vedtak. I forlengelse av dette kan det virke urimelig dersom eiere av naboegendommen ikke gis rett til å få saken prøvd ut ifra samme interesser og hensyn, selv om klageren ikke er organisert i en interesseorganisasjon.

Det er i helhetsvurderingen også lagt vekt på at klagerne er innrømmet rettslig klageinteresse i tidligere saker, noe som etter Miljødirektoratets oppfatning gjør det rimelig at klagen tillates fremmet. Miljødirektoratet har vært i tvil mht. om det foreligger tilstrekkelig rettslig klageinteresse. Ved tvil kan det også være rimelig å tillate klagen og behandle saken."

Miljødirektoratet har ikke lagt stor vekt på at interesseorganisasjonar har klagerett, men vist til dette i ei vurdering kor det er omsyn for og imot om Reisjå og Teigen har rettsleg klageinteresse i saka. Normalt vil naboar vere meir påverka av eit byggeløyve på naboegendommen, enn andre som har mindre tilknytning til området. I saka her er det rett at byggeløyvet gjeld ein viss avstand frå klagaren sin eigedom. Dette gir rom for tvil med omsyn om klagarane har rettsleg klageinteresse. Miljødirektoratet har vurdert det som er påstått, men har kome til at klagarane har rettsleg klageinteresse i denne saka.

Miljødirektoratet sin vurdering av løyvet til sankebu

Verneområdestyret har gitt byggeløyve etter forskrifta kap. IV pkt. 3.1 på bakgrunn av Fjeld sitt behov i samband med sauesanking. Dette spørsmålet er handsama tidlegare av verneområdestyret og overprøvd av Miljødirektoratet i vedtaket 11.09.2017 kor verneområdestyret sitt vedtak blei oppheva og søknad om løyve til nybygg blei avslått. Endringa i søknaden er, etter det direktoratet kan sjå, fyrst og fremst at arealet på sankebua er redusert frå 37 m² til 34 m².

Miljødirektoratet kan ikkje sjå at det er grunnlag for ei anna vurdering etter verneforskrifta kap. IV punkt 3.1 om bygningar i samband med jord- og skogbruk enn den som blei gjort i Miljødirektoratet sitt vedtak 11.09.2017. Tiltakshavar har gitt meir informasjon om drifta i samband med stemninga og telefonmøte med Miljødirektoratet. Miljødirektoratet meiner informasjonen ikkje gir grunnlag for ei anna vurdering av det landbruksmessige behovet enn tidlegare.

Verneområdestyret har gitt løyve til ein ny bygning på BYA 34 m² med eit uthus BYA 4,8 m², dvs. totalt 38,8 m². Den eksisterande ystebua er på ca. 24 m² og aukinga i samla areal på bygninga vil vere 14,8 m². Vidare er det gitt løyve til å bygge hems, slik at bygningen vil vere høgare enn dagens ystebu. Dette inneber ei utviding av bygningsmassen og nye bygningar vil få ein annan karakter enn dagens ystebu som i dag ikkje er i bruk.

Verneforskrifta har heimel for å gi løyve til ombygging i kap. IV pkt. 3.2 og det er ikkje vilkår for å kunne gi løyve at ombygginga gjeld for naudsynte behov i landbruksnæring. Ombygging inneber at ein tar utgangspunkt i eksisterande bygning og bygger om denne. Ettersom forskrifta kap. IV pkt. 3.2 både gir høve til ombygging og mindre tilbygg, vil det vere høve til å gi løyve til ei utviding også ved ombygging.

For landskapsvernområde er det eit formål å hindre utbygging for å sikre landskapet sitt særpreg og eigenart. Verneforskrifta er difor svært restriktiv for når det kan gis løyve til nye bygningar. Dei same omsyna gjer seg ikkje gjeldande i like sterk grad for ombygging og tilbygg da løyvet vil ha grunnlag i ei eksisterande bygning. Bakgrunnen for at forskrifta opnar for ombygging og mindre tilbygg er også at grunneigar skal kunne ta vare på eksisterande bygningar og at det skal vere mogleg å imøtekomme rimelege behov for endringar. Det må samstundes verte vurdert kva for verknad ombygging, tilbygg o. l. får for landskapet samanlikna med dagens situasjon.

I saka her er ystebua i dårleg stand og det er generelt sett ikkje ønskjeleg at bygningar vert ståande til forfall. På den andre sida er det mange løer og uthus i verneområda som kan samanliknast med ystebua og som det ikkje er ønskjeleg å bygge om til f.eks. fritidsbustader av omsyn til verneverdiane. Fritidsbustader vil som regel gi eit anna preg i landskapsbildet pga. utforminga og førar ofte over tid til fleire tiltak. Ei generell opning for å bygge om slike bygningar vil soleis kunne gi ei uheldig presedens for framtidige sakar. Dette er det også peika på i Forvaltningsplanen for Brattefjell - Vindeggen landskapsvernområde (2017-2027) (s. 41). Forvaltningsplanen har og ei retningslinje om at gamle stølshusvære i hovudsak må haldast som dei er, eller bli tilbakeførde til tidlegare utsjånad (s. 42).

Miljødirektoratet har etter ei samla vurdering av omsyna i saka kome til at det kan gis løyve til ombygging av eksisterande ystebu. Miljødirektoratet legg i vurderinga vekt på at saka gjeld ombygging og at forskrifta opnar for å kunne gi løyve til ombygging og tilbygg. Vidare vert det lagt vekt på at bygningen vil vere til hjelp for søkjar i drifta, sjølv om vi meiner at det landbruksmessige behovet ikkje er tilstrekkeleg for å gi løyve til eit helt nytt bygg etter verneforskrifta kap. IV pkt. 3.1, jf. tidlegare vedtak. Slik saka er opplyst frå tiltakshavar, ser vi at større delar av ystebua truleg må skiftast ut. Korleis dette skal verte gjennomført, må tiltakshavar kome tilbake til og Miljødirektoratet ynskjer at dette verte vurdert av verneområdestyret innanfor ramma av dette vedtaket.

Miljødirektoratet meiner at det ut frå same grunngeving også er grunnlag for å gi løyve til eit mindre tilbygg, tatt i betraktning av ystebua er lita. Forskrifta opnar for å kunne gi løyve til mindre

tilbygg og det inneber språkleg at tilbygget skal være vesentleg underordna eksisterande bygning når det gjeld størrelse og areal. I nokre område er eit mindre tilbygg eit tilbygg med eit areal på maksimalt 30 % av eksisterande bygning (innafor eit maksimalt arealtal). Tatt i betraktning ystebua sitt areal og at det er behov for eit uthus i tillegg, vert det vurdert at det kan gis løyve til eit tilbygg på inntil 6 m². Dette vil bidra til at bygningen sitt preg ikkje vert vesentleg endra i landskapet samanlikna med dagens situasjon.

Det er eit krav i verneforskrifta at tiltaket ikkje skal stri mot formålet med vernet og ei ombygging må difor ta omsyn til landskapet. Omsynet til landskapet må difor verte ivaretatt gjennom at ombygging ikkje skal endre bygninga sitt preg som ei enkel driftsbygning. Bygninga si høgde skal ikkje hevast, men vere den same som for ystebua.

Miljødirektoratet legg til grunn at det vil vere eit behov for uthus når ystebua skal verte bygd om for ny bruk. Eit løyve til uthus må vurderast etter naturmangfaldlova § 48 da det ikkje vil vere omfatta av heimelen for ombygging og tilbygg. Generelt er det i forvaltninga praksis for at det kan gis løyve til uthus som eit frittstående bygg (i staden for tilbygg) når det er behov for uthus i samband med eksisterande bygningar. Verneområdestyret sitt løyve gjeld eit uthus på 4,8 m² og vil etter Miljødirektoratet si vurdering ikkje vere i strid med verneformålet eller kunne påverke verneverdiane nemneverdig. For landskapet på staden er det ein fordel om uthuset kan vere mest mogleg samla med hovudbygningen og Miljødirektoratet legg til grunn at eit løyve til uthus kan gis med ei plassering som foreslått i telefonmøte 9.1.2019, dvs. inntil omlag 4 m frå hovudbygningen.

Når det gjeld verknader for verneformålet og verneverdiane, bygger Miljødirektoratet på verneområdestyret sine vurderingar om at villreinstamma truleg ikkje vil bli påverka av tiltaket og at det ikkje er spesielle artar eller naturtypar som blir påverka, jf. naturmangfaldlova § 8.

Andre verknader vil truleg vere auka bruk av området og aktivitet/støy i byggeperioden. Det er generelt ikkje ønskjeleg å legge press på område som villreinen nyttar eller vil kunne nytte i framtida. Miljødirektoratet viser samstundes til verneområdestyret si vurdering og finn at ombygging med tilbygg og uthus i saka her truleg vil ha svært liten påverknad på den aktuelle villreinstammen.

Slik saka er opplyst gjennom tidlegare handsaming av spørsmålet om sankebu, er det ikkje andre negative verknader på verneformålet og verneverdiane enn dei landskapsmessige. Dei landskapsmessige endringane er avgrensa sett i forhold til dagens situasjon med ystebua. Det er ikkje opplysningar i saka som tyder på nye søknader om tiltak i dette området, som inneber at den samla belastninga på landskapet blir for stor jf. naturmangfaldlova § 10.

Miljødirektoratet vil presisere at all transport frem til byggeplassen må skje på ein slik måte at det ikkje oppstår vesentlege terrengskadar. Dersom det er behov for motorisert transport som er søknadspliktig etter verneforskrifta, må dette søkjast om særskilt til verneområdestyret.

Miljødirektoratet har vurdert det som er kome fram i klagen, men ikkje funne grunn til å ta opp dette vidare i vedtaket og visar til vurderingane om når det kan gis løyve til ombygging.

Vedtak

Miljødirektoratet opphevar verneområdestyret sitt vedtak 27.06.2019 når det gjeld løyvet til riving og nybygg av sankebu med heimel i verneforskrifta kap. IV pkt. 3.1.

Miljødirektoratet gir med heimel i verneforskrifta for Brattefjell - Vindeggen landskapsvernområde kap. IV pkt. 3.2 løyve til ombygging av eksisterande ystebu innafor eksisterande grunnflate og eit tilbygg til ystebua på inntil 6 m². Bygningen skal ha same høgde som ystebua. Ombygging og tilbygg skal ivareta bygningen sitt preg.

Miljødirektoratet stadfestar verneområdestyrets sitt vedtak om uthus på 4,8 m² med følgjande endringar; heimel for vedtaket er naturmangfaldlova § 48 og uthuset skal verte plassert omlag 4 m frå hovudbygningen slik at bygningsmassen på staden vert samla.

Før bygging skal teikningar sendast verneområdestyret for godkjenning og for fastsetting av vilkår for å ivareta krava i dette vedtaket.

Denne avgjerda er fatta med heimel i forvaltningslova § 34 fjerde ledd og nemnte heimlar i naturmangfaldlova og verneforskrifta for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.

Direktoratets vedtak er endeleg og kan ikkje påklagast, jf. forvaltningsloven § 28 tredje ledd.

Helsing

Miljødirektoratet

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Ivar Myklebust
avdelingsdirektør

Knut Fossum
seksjonsleiar

Tenk miljø - vel digital postkasse frå e-Boks eller Digipost på www.norge.no.

Kopi til:

Verneområdestyret for Brattefjell Vindeggen landskapsvernområde	Postboks 2076	3103	Tønsberg
---	---------------	------	----------

Hilde Reisjå	Gausdalsvegen 36	3697	TUDDAL
--------------	------------------	------	--------

Jan Roar Teigen	Bondalsvegen 907	3697	TUDDAL
-----------------	------------------	------	--------